

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

HLM Arkitektur

Referanser:

Dykkar: Gjørn Dørheim  
Vår: 14/1655 - 19/32826

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

07.11.2019

## Plangodkjenning - Ny kommunal barnehage på Lindås

Miljøretta helsevern skal i samband med bygging av «Ny kommunal barnehage på Lindås» gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6*.

Søknad om plangodkjenning er motteke den 04.11.19, og oppdaterte teikningar er motteke 06.11.19. Leike- og opphaldsareal er oppgjeve til 488 m<sup>2</sup>, og uteleikeområdet er oppgjeve til ca. 3 750 m<sup>2</sup>.

Barnehagen er planlagt ferdig april 2021, og er berekna for 99 barn i aldersgruppa 0 – 5 år. Det vil bli oppretta 3 avdelingar med 9 barn i aldersgruppa 0 – 2 år, 1 fleksibel avdeling og 3 avdelingar med 18 barn i aldersgruppa 3 – 5 år.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort (ca. 24 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 33 m<sup>2</sup> for barn under 3 år).

### ➤ Vurdering

Barnehagen har eit leike- og opphaldsareal på 488 m<sup>2</sup>. Barnegruppa (aldersfordelt) treng eit leike- og opphaldsareal på ca. 431 – 454 m<sup>2</sup>. Leike- og opphaldsareal er tilfredsstillande .

Uteleikearealet er ca. 3 750 m<sup>2</sup>, og barnegruppa treng ca. 2 600 m<sup>2</sup> – 2 780 m<sup>2</sup>. Uteleikearealet er tilfredsstillande.

Inne- og uteområdet vil ut frå teikningar, gje gode moglegheiter for allsidig leik- og avkopling for barna.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til «Ny kommunal barnehage på Lindås», etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Ei endeleg godkjenning av barnehagen (etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*) vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt.

Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Terese Folgerø  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Astrid Namtvedt Sylta  
Hanne Haukås  
Hogne Haugsdal  
Kristin Moe  
Line Merete Valle  
Mona Hagewick  
Sandra Waage  
Ørjan Raknes Forthun